

Eksamen

01.06.2021

OFT2002 Bransjelære

Programområde: Vg2 Overflateteknikk

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderinga	Karakteren blir fastsett etter ei heilskapsvurdering. Utdrag frå forskrift til opplæringsloven §3-5: "Dei enkelte karaktergradane har dette innhaldet: Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget."
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA: <ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.• Les gjennom det du har skrive, før du leverer.• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.	

Lykke till!

Oppgave 1

- a) Nemn minst tre typar personleg verneutstyr.
- b) Kvifor er det viktig med personleg verneutstyr?
- c) Forklar korleis ein skal løfte ein gjenstand ergonomisk riktig opp frå golvet.
- d) Nemn tre grunnar for at vi målar og tapetserer overflater, innvendig og utvendig.

Oppgave 2

- a) Kva er det som gjer at metall begynner å ruste?
- b) Kva for eigenskapar er det viktig at måling på metall har?
- c) Nemn minst to ulike metodar for å reinse stål før måling.

Oppgave 3

- a) Kva handlar Arbeidsmiljølova om og kva er hovudmålet med ho?
- b) Kva betyr Internkontroll-forskrifta for bedrifter og tilsette?
- c) Kva er skilnad på NHO og LO? Kven organiserer kven?
- d) Kva betyr etikk/moral i arbeidslivet?
- e) Nemn nokre grunnar for at reinhald er viktig.
- f) Kva for miljøfaktorar kan du bli påverka av som yrkesutøvar?
- g) Kva skal du sjå etter for å vite om eit nyoppsett stillas er klart til bruk?
- h) Kva for forhold må du vere merksam på når du skal flytte på eit rullestillas?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.
Informasjon om vurderingen	Karakteren blir fastsatt etter en helhetsvurdering. Utdrag fra forskrift til opplæringsloven §3-5: "Dei enkelte karaktergradane har dette innhaldet: Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget."

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke till!

Oppgave 1



- a) Nevn minst tre typer personlig verneutstyr.
- b) Hvorfor er det viktig med personlig verneutstyr?
- c) Forklar hvordan man skal løfte en gjenstand ergonomisk riktig opp fra gulvet.
- d) Nevn tre grunner for at vi maler og tapetserer overflater, innvendig og utvendig.

Oppgave 2

- a) Hva er det som gjør at metall begynner å ruste?
- b) Hvilke egenskaper er det viktig at maling på metall har?
- c) Nevn minst to ulike metoder for å rense stål før maling.

Oppgave 3

- a) Hva handler Arbeidsmiljøloven om og hva er hovedmålet med den?
- b) Hva betyr Internkontroll-forskriften for bedrifter og ansatte?
- c) Hva er forskjell på NHO og LO? Hvem organiserer hvem?
- d) Hva betyr etikk/moral i arbeidslivet?
- e) Nevn noen grunner for at renhold er viktig.
- f) Hvilke miljøfaktorer kan du bli påvirket av som yrkesutøver?
- g) Hva skal du se etter for å vite om et nyoppsatt stillas er klart til bruk?
- h) Hvilke forhold må du være oppmerksom på når du skal flytte på et rullestillas?



www.vigoiks.no/eksamen